



AS Haugland VVS
Lyngvegen 2
5914 Isdalstø

Vår dato:

24.03.2023

Vår ref:

2023/4976

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

22/5447 - 22/93136

Saksbehandlar, innvalstelefon

Stein Byrkjeland, 5557 2114

Dispensasjon - Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde - Alver kommune - gnr 502/8 og 502/37 - vassleidning

Vi viser til oversending av sak frå Alver kommune 8.9.2022, med ny oversending 27.1.2023 og fleire andre kontaktar om saka. Saka vart først vurdert av Statsforvaltaren som ei plansak til uttale, og Statsforvaltaren har ikkje hatt merknader til dette. Men ettersom tiltaksområdet ligg innanfor grensene til Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde må tiltaket også handsamast som ei dispensasjonssak etter verneforskrifta. Her har det diverre oppstått noko kommunikasjonssvikt både hos statsforvaltar og i kommunen.

Vi seier oss leie for seint svar, men søker har vore orientert om at saka er kurant og at dispensasjon vil bli innvilga, og at planlegging av tiltaket kan halde fram sjølv om det formelle vedtaket ikkje har vore utferdiga.

Søknaden

AS Haugland VVS søker, på vegner av tiltakshavar Anne Gro Johansen, om løyve til å kunne leggje ein 32 mm vassleidning i sjøen frå gnr 502/2 til gnr 502/8 og 502/37 Valdersnes i Alver kommune, i ei lengd av om lag 300 m. Leidningen skal ifølgje plankartet ikkje gå langt frå land, men vil uansett kome inn i verneområdet sjølv om vernegrensa er trekt ved 2 m under sjøkartnull. Det er dyre- og plantelivet på havbotnen som er dei sentrale verneobjekta i norske marine verneområde, og tiltak som kan skade slike førekommstar skal så langt som råd unngåast.

Vurdering etter verneforskrifta

Etter verneforskrifta § 3c er det i utgangspunktet forbode å leggje røyrleidningar og kablar gjennom verneområdet, og det er også forbod mot å etablere konstruksjonar på havbotnen mm.

Etter § 5b i same verneforskrift er det like fullt høve til å kunne søkje om dispensasjon for legging av kablar og røyrleidningar som ikkje er til skade for verneføremålet, så langt som mogleg samla i korridorar. I dette tilfellet er det ikkje realistisk å innfri kravet om samling i korridorar. Tiltaket er like fullt lite og avgrensa, og det ligg i eit område med ei rekke hytter inne på land, så sentrale og viktige marine verneverdiar i Lurefjorden vert ikkje råka i særleg grad.



Som einskildsak er ikkje denne saka stor og viktig, og det er ikkje intensjonen med det marine vernet å regulere aktivitetar på land så lenge desse er godkjende etter ordinært regelverk. Det er ei rimeleg forventing at hytter og bustadhus i eit slikt område skal ha kurant tilgang på ferskvatn, og det finst ei stor mengd slike eigedomar kring Lurefjorden. Nettopp dette skapar ei utfordring for eit slikt marint verneområde, og vi vil oppmøde kommunen om å ha dette i mente ved nye planlagde utbyggingar i nedslagsfeltet til dette marine verneområdet. Vassleidningar og andre leidningar bør så langt som råd planleggast samstundes med annan infrastruktur, og gravast ned i terrenget der dette let seg gjere og ikkje er til vesentleg ulempe for miljøet eller andre viktige interesser. Det samla talet på undersjøiske leidningar bør haldast på eit så lågt nivå som råd i eit marint verneområde.

I dette tilfellet har vi fått opplyst at nedgraving over land ville vore utfordrande i dette terrenget, leidningen ville blitt vesentleg lenger og gjort tiltaket mykje meir kostbart. Det ville etter sokjar si vurdering gitt større ulemper for miljøet enn framføring gjennom sjøen. Statsforvaltaren kan seie seg samd i denne miljømessige vurderinga.

Vurdering etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Ein dispensasjon frå ei verneforskrift skal også vurderast etter miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova, §§ 8-12.

Vi har ikkje detaljkunnskap om naturfaglege tilhøve i det eksakte tiltaksområdet, men naturfagleg kunnskap i grunne område i Lurefjorden er generelt god, og vi er ikkje kjend med spesielt sårbarer naturførekomstar der denne leidningen er omsøkt. Tiltaket er ikkje stort, og forventa påverknad på det marine miljøet er liten. Vi meiner såleis å ha godt nok kunnskapsgrunnlag til å kunne vurdere søknaden, slik at § 8 er innfridd. Dermed får § 9 (føre-var prinsippet) mindre vekt. Det finst ei rekke eksisterande hytter i nærområdet, som indirekte truleg påverkar det marine miljøet i noka grad, men dette einskildvedtaket kan vanskeleg seiast å auke den samla belastinga (§ 10) spesielt mykje. Realisering av tiltaket vil ikkje gje kostnader for statsforvaltar, kommune eller anna offentleg verksemd, og vi har ikkje innvending mot val av materialar eller teknikk. Såleis er også §§ 11 og 12 innfridd.

Vedtak

Statsforvaltaren finn at tiltaket kan aksepterast, og gir med dette dispensasjon i medhald av verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde § 5b. Følgjande vilkår gjeld:

- (1) Vårt vedtak gjeld utelukkande etter verneforskrifta for det marine verneområdet. Det er ein føresetnad at tiltaket også er godkjent av kommunen, og at det heller ikkje er i strid med anna regelverk som gjeld i området.
- (2) Privatrettslege tilhøve må vere avklart. Vårt vedtak er fatta utan å ha vurdert dette.
- (3) Realisering av tiltaket må ikkje forårsake ureining av noko slag.
- (4) Om uventa situasjonar som kan gje konsekvens for det marine miljøet skulle oppstå under realisering av tiltaket, skal statsforvaltaren varslast straks og vidare arbeid skal opphøye inntil situasjonen er avklart.
- (5) Dersom ny og viktig kunnskap om naturfaglege tilhøve i tiltaksområdet skulle kome til før arbeidet kjem i gang, har statsforvaltaren høve til å trekke løyvet tilbake på kort varsel for å vurdere om opplysningane bør ha konsekvens for utforminga av løyvet.



Klage

Dette er eit einskildvedtak som kan påklagast etter reglane i forvaltingslova. Eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast om Statsforvaltaren i Vestland, og må vere sendt innan 3 veker etter at klagar er gjort kjend med vedtaket.

Med helsing

Øistein Aasland
seniorrådgjevar

Stein Byrkjeland
fagdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Dispensasjon - Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde - Alver kommune - gbnr 502/8 og 502/37 - vassleidning

Kopi til:

Anne-Gro Johansen
Trygve Johansen

Mottakerliste:

Hanne Marie Evensen
AS Haugland VVS